

16.11.2009

## Uskedeling på loffen rundt Nordkalotten

**Uskedelingen Astrid Kristoffersen, som er 19 år og elev ved Soltun Folkehøgskole der Troms og Nordland møtast, er no om dagen ute i eit spesielt oppdrag.**

**Saman med 4 andre elevar er ho på loffen rundt Nordkalotten i 10 dagar. Akkurat no haikar dei med hurigruta. I eit oppslag i bladet Finnmarken slår dei fast at det går an å ta ein slik tur for ein slikk og ingenting. Folk har vore rause og hjelpsame.**

**Kvintetten måtte dra på stutt varsel med ein hundrelapp kvar i lomma.**

Avisa har intervjuia dei i Kirkenes etter seks dagar. Reisa er eit stunt for å retta fokus mot fattigdomsproblema og tusenårsmalet til FN. Ved passeringa av Alta underviste dei om FN og tusenårsmalet ved ein ungdomsskule. Inger Synnøve Leirdal seier at dei har kjent på skammen.

- Det er rart å gå inn i ein butikk, se alle varene der og veta at du ikkje kan kjøpa noko men må spørja om mat, uttaler ho til avis.

I Kirkenes fekk dei overnatta gratis ved Rica Arctic Hotel og vart påspandert lunsj av ordføraren. Helst skulle dei ha vore i Russland for å promotera FN, men dei reiste ikkje dit for å bli kasta ut på stutt varsel.

Soltun er ein spesiell skule eigd av Metodistkyrkja. Skulen arbeider for fred og alle linjene der drar ut i verda på lengre eller stuttare reiser.

'Klasserommet vårt er lokalsamfunnet - og resten av verda', heiter det på nettsida til Soltun.

Av Ola Matti Mathisen